


List of Signatures

Page 1/1

 **Protokoll_Styremøte 17. mars 2023_170323.pdf**

Name	Method	Signed at
Lervik, Birgit Olaug	BANKID	2023-06-08 00:08 GMT+02
Øvstetun, Ernst Ståle	BANKID	2023-06-05 14:06 GMT+02
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2023-06-03 19:14 GMT+02
Ovrid, Marianne	BANKID	2023-06-02 11:00 GMT+02
Alvik, Dagny Karin Ugulsvik	BANKID_MOBILE	2023-05-31 13:58 GMT+02
Hovland, Jøril	BANKID_MOBILE	2023-06-08 13:24 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: BB19701A195944F1B4571E39752A7AFA

Styremøte 17. mars 2023

fre. 17 mars 2023, 09.00 - 11.30

Thon Hotell, Skei

Deltakere

Styremedlemmer

Dagny Alvik, Torunn Hønsi, Jøril Hovland, Petter Sortland, Birgit Lervik, Ernst Ståle Øvstetun, Marianne Ovrud, Anne Sigrid Harjo, Aud Beheim

Møteprotokoll

14/23

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent

Beslutning

Torunn Hønsi

15/23

Godkjenning av referat frå styremøtet 14.02.23

Referat frå styremøte den 14.02.23 vert godkjent og sendt til elektronisk signering

Beslutning

Torunn Hønsi


16/23

Driftsorientering

Styret fekk skriftleg orientering om drifta i forkant av styremøtet. Det vart i møte orientert om planlagde tiltak for å få auka omsetning av komposten i vår.

Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

 Sak 13.23 Orienteringssaker.pdf

 Nye reviderte etiske retningslinjer - SIMAS.pdf

 Plakat m program sirkulære sogn 3.pdf

 STUDIETUR OMBRUK SIMAS (003).pdf

Orientering

Dagny Alvik

17/23

Rekneskap pr februar 2023

Regnskapsrapporten viser eit resultat på minus 629`, som er 631` betre enn budsjettert

Styret tek reknskapsrapporten pr. februar til vitande

Orientering


Aud Beheim

18/23

Orientering om Sirkla Ressurs AS

Aktiviteten i containermarknaden januar og februar er betre enn i fjor på same tid. Det jobbast med å styrkje den operative aktiviteten i selskapet ved å tilsetje kundehandsamar og prosjektsjef. Det vil bli jobba opp mot næring i Årdal kommune.

Styret tek informasjonen om Sirkla Ressurs AS til vitande

 Sak 18.23 Orientering om Sirkla Ressurs AS.pdf

Orientering

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
BB19701A195944F1B4571E39752A7AFA

19/23

Revidering av renovasjon og slamforskrifta til SIMAS

I oppfølging av klagesaka om avfallsgebyr frå fråflytta eigedom, har Sivilombodet sett på om SIMAS-forskrifta og SIMAS sine retningslinjer for fritak frå renovasjonsgebyr har tilstrekkeleg heimel i ureiningslova § 34 1. ledd. Ombodet ber SIMAS om å gjennomgå retningslinjene for avfallsgebyr slik at vi sikrar at desse er i tråd med ureiningslova § 34, jf. § 30.

SIMAS ser at formuleringane i forskrifta § 18 med retningslinjer kan virke for strenge, og at det er ei føresetnad at det vert produsert husholdningsavfall på eigedomen for å kunne krevje renovasjonsgebyr.

SIMAS føreslår å forenkle § 18 og gjere det meir tydeleg at § 18 er ein dispensasjonsheimel for eigedomar som i utgangspunktet er omfatta av gebyrplikta fordi det blir produsert hushaldningsavfall der.

I praksis betyr det at SIMAS vil ha to ulike heimelsgrunnlag for unntaksvurderingar. For det første spørsmålet om ein eigedom i det heile fell inn under offentleg renovasjonsordning og gebyrplikt etter lova § 34, jf § 30 og for det andre spørsmålet om det likevel skal gis fritak på grunn av objektive forhold ved den enkelte eigedomen.

I tillegg vert ordlyden i § 2 andre ledd endra til:

«Forskrifta omfattar alle matrikulerte og ikkje- matrikulerte eigedomar som ligg i kommunane der det vert produsert hushaldningsavfall .»

Fram til neste styremøte ynskjer styret at administrasjonen skal vurdere dei økonomiske konsekvensane av reduksjon i gebyr som følgje av fritakssaker, samt vurdere ressursbehovet i samband med å svare ut ekstra søknader.

Tilråding: Revidert forskrift vert vedteken, og sendt vidare til Representantskap for gjennomgang.

20/23

Avtale mellom SIMAS IKS og Årdal kommune

Årdal kommune fatta 03.11.22 følgjande vedtak i sak 049/22:

1. *Årdal kommune går i dialog med SIMAS IKS for å bli fullverdig medlem av Simas IKS.*
2. *Forslag til avtale mellom Simas IKS og Årdal Kommune skal leggjast fram for kommunestyret for gjennomgang og godkjenning.*
3. *I regi av SIMAS IKS skal det etablerast ein miljøstasjon som oppfyller framtidige relevante krav til sortering av avfall i Årdal Kommune.*

Denne avtalen skal dekke dei tenestene og oppgåvene som SIMAS skal utføra på vegne av Årdal kommune. I tillegg skal avtalen regulera dei økonomiske, personalmessige og rettslege forholda mellom partane.

Administrasjonen i Årdal kommune og SIMAS har i fellesskap utarbeida avtalen. Etter at styret i SIMAS har godkjent den, vil den opp til handsaming i kommunestyremøtet i Årdal den 27. april 2023.

Avtalen mellom SIMAS IKS og Årdal kommune vert vedteken

 Avtale Årdal-SIMAS med vedlegg.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
BB19701A195944F1B4571E39752A7AFA

21/23

Revidert økonomi- og investeringsplan 2022-2025

Med bakgrunn i auka kostnader som følgje av at SIMAS skal overta renovasjon i Årdal kommune er det utarbeida korrigerert driftsbudsjett og økonomiplan 2023-2026.

Revidert driftsbudsjett i 2023 viser eit underskot på 4,57 mill mot tidlegare godkjent budsjett på minus 1,73 mill. Nokre av hovudårsakane til dette er innføring av renovasjon i Årdal, aukte driftskostnader og redusert gebyrinntekter.

I tillegg må investeringsbudsjettet korrigerast då framdrifta på enkeltprosjekt endrar belastninga frå investeringsaktivitetane. Investeringsbudsjettet for 2023 vart vedteken 21.10.22. Overføring av ikkje nytta investeringsmidlar eit år krev nytt vedtak i representantskapet.

Revidert investeringsbudsjett for 2022 var på 13,05 mill. Det vart brukt 9,8 mill. Redusert bruk skuldast i hovudsak prosjekt på brannførebuing og hytterrenovasjon som er under gjennomføring/planlegging. Investering på brannførebuing blir overført til 2023, og hytterrenovasjon til 2025. Samla overføring av investeringsmidlar frå 2022 til 2023 blir då 1,8 mill.

Den totale investeringsramma i perioden var på 51,25 mill. Endringane i investeringsplanane medfører ei endring til 67,6 mill. Det vil vere ytterlegare behov for investering i perioden for å gjennomføre planlagte aktivitetar med nye miljøstasjonar og ny veg til Festingdalen.

Styret ber administrasjonen orientere Representantskapet om behovet for å auke låneramma

Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;

1. Revidert investeringsbudsjett for 2023 vert vedteken
2. Investeringsplan for perioden 2023-2026 vert vedteken
3. Revidert driftsbudsjett for 2023 vert vedteke
4. Revidert økonomiplan for 2023-2026 vert vedteken

 Sak 21-23 Revidert økonomi og investeringsplan 2023-2026.pdf

22/23

Godkjenning av årsrekneskapen og årsmelding 2022

Styret skal godkjenne årsrekneskapen og årsmeldinga for år 2022. Styret legg fram årsmelding for konsernet. Nytt for året er at det skal utarbeidast ei omtale knytt til arbeidet opp mot openheitslova. Det er også utarbeida ei digital årsmelding som viser meir av arbeidet som SIMAS gjer.


Styret i SIMAS IKS rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;

1. Årsrekneskapen for 2022 vert godkjent
2. Underskotet på kr 222.594 vert disponert slik; Overført frå fond for hushaldningsrenovasjon kr 3.005.160 og overført til fond for slamrenovasjon kr 671.310. Overført til anna eigenkapital kr 2.111.256.
3. Årsmeldinga for 2022 frå styret i SIMAS IKS vert godkjent

 Sak 22-23 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmelding 2022.pdf

 Vedlegg til sak 22-23 Styret si årsmelding 2022.pdf

 Vedlegg til sak 22-23 SIMAS_Likestillingsutgreiing_2022.pdf

 Vedlegg til sak 22-23 SIMAS si handsaming av Openheitslova.pdf

23/23

Innkalling til møte i representantskapet/årsmøte i SIMAS IKS

Utkast til innkalling vart sendt ut før møtet

Styret godkjenner innkalling til møte i representantskapet

 Sak 23-23 Innkalling til møte i representantskapet i SIMAS IKS.pdf



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
BB19701A195944F1B4571E39752A7AFA